



Fruktbonden sjølv, Magne Eik.

I dagens nummer av Grenda er det eit stort oppslag om Magne Eik og kona Gunnbjørg. Med 450 frukttre som stadig veks i talet, er dei i ein klasse for seg når det gjeld fruktdyrking her i bygda. Mange av oss er faste kundar på Discovery og Aroma, og sjølv med 450 tre vert det alltid for lite eple til å stetta etterspørselen.

I artikkelen i dagens Grenda vert vi kjent med det humørfylte paret på Steinsletto, med hovudvekt knytt til frukt og fruktdyrking. Den kjekke artikkelen som er ført i pennen av Morten Nygård er også krydra med mange fine bilete.

Kjekt lesestoff i papirutgåva av dagens Grenda som fyller både framsida og 3 sider inne i avisa! Eg anbefaler.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Morten Nygård/Grenda